




Humlepungane syng velkomstsongen

**Uppskoka 2014 - i regi av Humlepungen Bryggjarlag - er avvikla ikveld i Dønhaugkjedlaren og var ein siger for det gode amatørskap. Vår konklusjon omfattar til og med kokken Kjell Tungesvik, som er ein betasuppemeister. Og det omfattar i høgste grad Øivind Sture som song eigenproduserte viser og kjem med ei plate om ein månad. Sjølv tykte læraren frå Rælingen som kom hit for 23 år sidan at debuten var i falskaste laget, men det er vi ikkje samde i.**



[Helge Mikal Røsland - gjenhør med 1960-talet](#)

Ein kan spora den nye Hedmark-trubaduren Roy Løvhøiden i hans produksjon, som no nærmar seg 30 låtar. Det var ein lovande debut av 60-åringen! No manglar det berre litt sjølvtilitt og trening i å opptre.



[Vidar Haugland leia quizen med stor sikkerheit og kunnskap](#)

Ein annan amatør-trubadur fekk også klappsalver i kjedlaren - det var Helge Mikal Røssland som framleis er lektor i matematikk og fysikk men som syng minst ein gong i året - under avslutninga på skulen. Han spela i band i slutten av 1960-talet og repertoaret er prega av det.



Det kom 40, men det burde ha vore fleire

Alle 40 som kom til dette årvisse arrangementet vart også engasjert på ein spesiell måte. Pensjonert rektor og programleiar Vidar Haugland leia ein krevjande quiz med suveren sikkerheit og spørsmålet går til den arrangør som måtte melda seg: Kvifor ikkje satsa på quiz oftare i bygda ettersom vi har så høgt kvalifiserte folk også på denne sektoren?



[Øyvind Sture - kjem snart med plate](#)

Kvalifikasjonane omfattar og kveldens to kåsørar - Reidar Myklebust og Kjell Yri - som hadde ei sakkyndig utgreiing om ølets vidunderlege verknad. Anatomiprofessoren var rimelegvis mest oppteken av dopaminsvinnet medan politikaren skildra ventetida før drykken sildrar i bøtta på ein lyrisk måte. Den skildringa kjem vi attende til på annan plass....  
Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen